

## Referat Utdanningsutval, FHS

Dato: 8.2.21      ZOOM møte kl 09:00-10:00

**Tilstede:** Toril Forbod, Anne-Grethe Naustdal, Eli Bjøvdal Eikefjord, Johannes Haltbakk, Unni Margrethe Uren Aasen, Cecilie Thaulé Løvlid, Kristin Senneset, Fredrik Sørensen (studentrepresentant) og Hilde Kristin Tveit.

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Er det saker til eventuelt?	Prodekan	5 min
<b>Referat:</b> Innkalling og referat blei godkjent utan kommentarar. Dagsorden må kortast ned på grunn av nedstenging i Bergen pga. Covid 19. Bergen kommune har gitt melding om at praksisstudiane ikkje kan gå som normalt. HUS og HDS tar imot studentar foreløpig. Ferdigheitstrening er også stoppa då campus er stengt ned i Bergen. Reiserestriksjonar får konsekvensar for alle Campus og situasjonen er krevjande. Det er behov for å prioritere beredskapsarbeid hos mange av deltakarane i møtet. UU vert difor berre på ein time og eventuelle saker som må behandlast vert tatt på e-post sirkulasjon seinare.				
2/21 Årsplan FHS 2021	Vedlegg i Teams <a href="#">Årsplan 2021</a>	Utdanningsutvalet gir sine innspel i saka.	Prodekan orienterar om utkast til årsplan	20 min
<b>Referat:</b> Anne-Grethe gjekk gjennom Årsplanen 2021 og kommenterte at vi nå har 11 masterprogram iom at vi nyleg fekk godkjent tre program.				

### Fakultet for helse- og sosialvitenskap

#### Innspel frå Utdanningsutvalet:

- Legge inn RETHOS 3 under pkt. 1.0.
- Må justera strategien vår – fakultetet er kommen lengre.
- God utnytting av faglege og administrative ressursar. Fakultetet bør betre utnytta dei administrative ressursane. Mykje går på å rekna ressursar til dei faglege. Ikkje så mykje på administrative ressursar. Dette jobbast no med i fakultetet. Punktet må formulerast betre.
- Må også sjå på organisering av fellestenestene.
- Tiltaka er ikkje formulert så mykje som tiltak. men meir utforma som mål.
- Administrasjonen ynskjer å utarbeida si eiga handlingsplan.
- Organisering av fakultetsadministrasjonen skal opp som sak i leiarmøtet.
- Mange administrative oppgåver ligg til emneansvarlige. Mykje av dei kan administrasjonen løyse på ein god måte, men ressursituasjonen utfordrar arbeidsdelinga. Dette bør inn i årsplanen som noko ein bør jobbe med.
- Mal for emneevaluering, bør sjå på innhaldet i malen slik at ein sikrar at studentane gir ei tilbakemelding på det vi ynskjer (kullmøte/referansegruppemøte). Viktig at studentane får eit betre verktøy til midtvegs evaluering.
- Referansegruppemøte og kullmøte – er også ei kanal for å melde at dei er frustrerte. Temaet kan passe inn som tema i kvalitetsseminaret.
- Internasjonalisering, vi snakkar mykje om student utveksling og mindre om innveksling. Det er lurt om fakultetet kan nytta same engelskspråkleg emne i eit masterprogram også inn i ny master i samfunnsvitenskap?
- 1.5 b Læringsressursar som kan nyttast på tvers i sjukepleieutdanninga – jobbar med dette i dei nye studieplanane. Det blir meir ressursar til materiale som skal delast.
- Det er og ynskje om å få inn eit tiltak om utvikling av læringsressursar i Europa (internasjonal deling av ressursar).
- Viktig og å ha ei oversikt slik at ein finn ressursane som ligg tilgjengeleg.
- Livslang læring er no lagt til prorektor for utdanning i stillingsutlysinga. Det er behov for ei eiga forskrift for desse studentane.
- 3.4 er eit viktig punkt– ofte blir det sagt at høgskulen bør vere meir synleg i samfunnsdebatten.
- Det er viktig at administrasjonen er involvert i prosessene – vi jobbar sammen om dette.

Utdanningsutvalet ber om at innspela tas med i det vidare arbeidet med Årsplanen.

<b>3/21 Vurderingsskjema i praksis</b>	Vedlegg i Teams: Saksdokument for ei langsiktig løysing og Døme på ei mellombels løysing <a href="#">ligg i teams</a>	Utdanningsutvalet blir presentert for ei langsiktig plan for bruk av digitale vurderingsskjema ( <a href="#">MOSO</a> ) samt ei mellombels løysing for nye vurderingsskjema i tråd med praksisprosjektet	Dagrun Kyrkjebø (viseinstituttleiar, ved institutt for helse- og omsorgsvitenskap) og Hilde Tveit	15 min
--	--	--	--	--------

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

			(kvalitetsrådgjevar) innleiar til diskusjon.	
<b>Referat:</b> Saka går ut – må følgje opp beredskap i fakultetet.				
<b>4/21 Beredskapsarbeid i utdanningane</b>	Munnleg orientering	Utdanningsutvalet får ei orientering om beredskapsarbeidet, og gir sine innspel i saka.	Dagrun Kyrkjebø (leiar beredskapsarbeid utdanning) innleiar kring status og opnar for innspel	20 min
<b>Referat:</b> Saka går ut – må følgje opp beredskap i fakultetet.				
<b>5/21 Periodisk evaluering av studieportefølje</b>	Vedlegg i Teams: <a href="#">Mandat for arbeidet</a>	Fakultetet skal gjennomføre ei periodisk evaluering av studieportefølje	Prodekan orienterar og opnar for innspel	15 min
<b>6/21 Overflytting</b>	Sjå nettsida <a href="#">Overflytting</a>	Institutta er bedt om å gje tilbakemelding på rutine for overflytting. Utdanningsutvalet gjer sine innspel til dekan som gjer endeleg vedtak i saka.		10 min
<b>Referat:</b> Saka går ut – må følgje opp beredskap i fakultetet.				
<b>7/21 Kvalitetsseminar</b>	Munnleg orientering	Utdanningsutvalet i fakultetet skal kvar vår arrangere kvalitetsseminar i tråd med kvalitetsrammeverket til HVL <i>«Prorektor for utdanning og prodekanane for utdanning legg til rette for dialog om relevante problemstillingar knytt til kvalitet. Dette kan skje i form av seminar, diskusjonsforum og andre møtepunkt. Møtepunkt bør hovudsakleg vere nettbasert og opne for alle interesserte, studenttillitsvalde skal alltid vera inviterte.»</i>  Det blir eit 2 timars digitalt seminar i vår. Utdanningsutvalet gir sine innspel til tema for kvalitetsseminaret.	Prodekan orienterar og legg fram idear for seminaret.	10 min

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

<p><b>Referat:</b>            Seminaret vert 21.april Tidspunkt kl 12.00 – 15.00.            Utdaningsteamet har kome med eit forslag til tema og innleiar. Dosent Hilde Larsen Damsgaard ved USN har skrive boka. <i>Studielivskvalitet Studenters erfaringer med og opplevelse av kvalitet i høyere utdanning</i> <a href="https://www.universitetsforlaget.no/studielivskvalitet">https://www.universitetsforlaget.no/studielivskvalitet</a> Vi ynskjer å ha dette som tema med innleiing frå Damsgaard, få egne erfaringar med utdanningskvalitet frå våre studentar og ha diskusjon i grupper.             Utdanningsutvalet støttar val av tema for Kvalitetsseminar ved FHS.</p>				
<b>8/21 Eventuelt</b>		Neste møte blir måndag 25. mai, kl 9.00- 11.00		5 min
<p><b>Referat:</b></p>				
<p><b>Orienteringar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• SFU-søknad under arbeid</li> <li>• Spørjeord eksamen</li> </ul>				<b>10 min</b>
<p><b>Referat:</b>            Fakultetet jobbar med SFU søknad – læring i praksis – blir kjørt en <i>Design thinking</i> modell (såkornsmidler er søkt til dette). Er også kobla til Kunnskapsbasert praksis. Vi jobbar med å finne ein prosjektleiar.             Spørjeord eksamen- saka er meldt til Strategisk Leiargruppa – spørjeorda bør gjelde for heile HVL. FHS sitt arbeid her vil vere eit godt utgangspunkt å jobbe vidare med.</p>				